
Fra: Hans Inge Gloppen <Hans.Inge.Gloppen@hfk.no>
Sendt: 26. februar 2016 10:30
Til: Kommunane i Hordaland - Alle
Emne: Tilskotsordning for breiband 2016
Vedlegg: Søknadsveileder - Nasjonal støtteordning for bredbånd.pdf

Til kommunane i Hordaland

Nasjonal kommunikasjonsmyndighet (NKOM), tidlegare kjent som Post- og teletilsynet, har lansert ny tilskotsordning for 2016. Søknadsfristen er 10. mai 2016. Kommunar som vil søkja om tilskot til sine prosjekt finn meir informasjon på denne linken:

<http://www.nkom.no/aktuelt/nyheter/tilskuddsordning-for-bredb%C3%A5nd-2016>

Under er det lista opp sentrale punkt i tilskotsordninga:

- Kommunar som vil søkja må bestille lokalt dekningskart for kommunen ved å sende epost til dekningskart@nkom.no
- Søknadene skal fyllast ut elektronisk via https://www.regionalforvaltning.no/Startside/Velkommen.aspx?Ordning_Id=616&Cookie=0
- Aktuelle område som kan få tilskot til utbygging er «Kvitt område» med dekning under 4 Mbit/s og «Kvitt NGA-område» med dekning 4-30 Mbit/s
- **LOKAL HØYRING ER VIKTIG:** Kommunar som planlegg å søkja tilskot skal offentleggjera kva for eit geografisk område den planlagde utbygginga gjeld med høyringsfrist på minst ein måned. Høyringa skal publiserast på kommunen si nettside og på www.nkom.no
- Eit krav for å søke om støtte er at kommunen som søker må undersøkje om det allereie er sett i gong utbygging, eller fins planar for breibandutbygging dei næraste tre åra i området det vert søkt støtte for.
<http://www.nkom.no/teknisk/bredb%C3%A5nd/utbygging/kontaktinformasjon-til-bredb%C3%A5ndstilbyderne>
- **VIKTIG Å HA MED DEI RETTE SØKNADSVEDLEGG**
- Behov for konkurranseprega dialog med potensielle utbyggjarar.
- Fleire kommunar kan gå saman om eit felles prosjekt, men berre ein kommune kan stå som ansvarleg søker.
- **VIKTIG Å OPPFYLLA KRITERIA I SØKNADEN**
- Søknader frå i fjor kan brukast på nytt, men det må leggjast til grunn nye dekningskart.

Legg ved rettleiinga frå NKOM, slik at kommunar som vurderer å søkja kan koma i gang med søknadsprosedyren. Hordaland fylkeskommune vurderer også å arrangera eit infomøte der me inviterer NKOM til å informera om ordninga første halvdel av mars. Send meg ei melding dersom det er interesse for det.

Venleg helsing

Hans Inge Gloppen

Spesialrådgjevar

Regionalavdelinga | Næringsseksjonen

HORDALAND FYLKESKOMMUNE

Tlf: 55 23 92 88

www.hordaland.no